



## Notat

Dato: 19.08.2015  
Arkivsak: 2014/18069-19  
Saksbehandlar: hanglop1

---

**Til:** Fylkesutvalet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

### **Statsbudsjettet 2016 - innspel til ekstraordinære omstillingsutfordringar i Hordaland**

På møtet i fylkesutvalet 18. juni 2015 vart det vedtatt å stilla inntil 5 millionar kroner til disposisjon for delfinansiering av konkrete omstillingstiltak og prosjekt for leverandørindustrien retta mot petroleumsnæringa i Hordaland (sak 168/2015). I same sak vart det oppretta eit omstillingsutval med to representantar frå arbeidstakarsida, to frå bedriftssida, ein frå IN, ein frå NAV, ein frå kommunane og Sveinung Valle og Tom-Christer Nilsen frå Hordaland fylkeskommune. Mandatet til omstillingsutvalet er å ta initiativ til, og få gjennomført konkrete tiltak og prosjekt for å lette den strukturelle omstillinga i denne sektoren.

Med utgangspunkt i dei utfordringane leverandørindustrien står overfor, vil nok behovet for midlar vere langt større enn fem millionar kroner. I det årlege brevet til Kommunal- og moderniserings-departementet om behovet for omstillingsmidlar for 2016 har fylkesrådmannen fokusert på behovet for midlar til omstilling i leverandørindustrien. Dersom fylkeskommunen får tilført midlar i budsjettet for 2016, vil fylkesrådmannen komme attende til fylkesutvalet om disponeringa av desse midlane.

Vedlegg:

Statsbudsjettet 2016 - kap 551 post 60 - innspel til ekstraordinære omstillings-utfordringar i Hordaland